

DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
www.aukrakyrkje.no
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
Org.nr.: 976 997 654

Innkalling til møte

Utval: Aukra sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 12. desember 2024
Møtetid: Kl. 18.00 – 20.25
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Innkalla medlemmar i sokne- og fellesrådet: Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem, Hans Kristian Furnes, Per Arne Rindarøy, Britt Karin Hagen Laastad, Therese Hildre Solem, Anne Berit Oterhals Skrede, Rune Vågøy, Kristian Finn Risung og Berit Cesilie Huse (10).

Kopi til varamedlemmar: Edvin Magne Nybø, Janne Wie, Gunnar Kolflåth, Knut Oterhals, Odd Jørgen Nilssen og Grethe Lystad Johnsen.

Forfall meldast til tlf. 951 85 921 eller e-post max.mork@aukra.kommune.no.

Varamedlemmar får innkallinga til orientering, men treng berre å møte ved nærare innkalling.

Opning

SAKLISTE

- Sak 90/24 GODKJENNING AV:**
- A. Innkalling**
 - B. Sakliste**
 - C. Referat frå møte 14.11.2024**
- Sak 91/24 Gudstenesteplan for 2025 (SR-sak)**
- Sak 92/24 Møteplan for SFR 2025 (SFR-sak)**
- Sak 93/24 Årshjul for SFR 2025 (SFR-sak)**
- Sak 94/24 Søknad om permisjon frå SFR (SFR-sak)**
- Sak 95/24 Vidare arbeid med kantorsaka - drøfting (FR-sak)**
- Sak 96/24 Referat- og orienteringssaker (SFR-sak)**
- Sak 96/24-1 Referat frå AU-møte 28.11.24**
 - Sak 96/24-2 Høyringsuttale – Biskopens tilsyn**
 - Sak 96/24-3 Høyringsuttale – Rammer for kyrkjeval**
 - Sak 96/24-4 Oppdatering om jubileumsfeiringa 2025**
- Sak 97/24 Eventuelt**

Aukra 05.12.2024

Erlend Melby (s)

Leiar

Max Ingar Mørk



MØTEREFERAT

Utval: Aukra sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 14. november 2024
Møtetid: Kl. 18.00 – 20.10
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Desse møtte:

Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem, Hans Kristian Furnes, Britt Karin Hagen Laastad, Anne Berit Oterhals Skrede, Gunnar Kolflåth, Odd Jørgen Nilssen og Kristian Finn Risung (frå sak 87/24) (8).

Forfall: Per Arne Rindarøy, Therese Hildre Solem, Rune Vågøy og Berit Cesilie Huse.

Sekretær: Max Ingar Mørk og Kari Margrete Fanghol.

Opning v/Erlend. Tema: Lat dei små borna koma til meg.

Sak 82/24 Godkjenning av:

A. Innkalling

Innkallinga blei godkjent utan merknadar.

B. Sakliste

Saklista blei godkjent utan merknadar.

C. Referat frå møte 24.10.2024

Referatet blei godkjent utan merknadar.

Sak 83/24 Planlegging av jubileumsmarkeringar i 2025

Erlend refererte frå kick off-møte i jubileumskomiteén 11.11.24, der det blei lagt fram forslag til prosjektbeskrivelse for jubileumsåret 2025.

SFR vedtok å gå vidare med prosjektbeskrivelsen som foreslått av jubileumskomiteén, med unntak av at budsjettoppsettet ikkje skulle vise detaljar, men berre prosentvis fordeling av inntekter og utgifter på hovudpostane. SFR ba om at dei varige tiltaka vart særskilt framheva i prosjektbeskrivelsen. Jubileumskomiteén fekk klarsignal til å snarast råd kontakte Kommunedirektøren for å be om eit møte for å forklare prosjektet og be om å lagt 290.000,- inn som ekstraløyving til Aukra SFR til gjennomføring av jubileet i 2025 (sjå vedlagte reviderte prosjektbeskrivelse).

SFR vart bede om å snarast råd melde tilbake om det meinte prosjektbeskrivelsen ikkje reflekterte SFR si meining. Dette fordi komiteen ønskjer å kontakte Kommunedirektøren så snart som råd, då første forslag til budsjett allereie leggst fram måndag 18.11.24.

Vidare var det innspel frå SFR på å undersøkje med Kommunedirektøren om det også kan vere midlar å hente frå Gassror IKS. Dette er ikkje inkludert i sjølve prosjektbeskrivelsen, men vil verte tema på møte med Kommunedirektøren.

Vidare innspel frå SFR til jubileumskomiteen:

- Husflidslaget har allereie sagt ja til å vere med på prosjektet, og bør inviterast til neste komitémøte
- Det bør undersøkjast moglegheiter til å få midlar frå Sparebanken Møre, Sparebank 1 og andre.
- Det er reist spørsmål om 5.-11. mai vert så seint at påskeliljene då er avblomstra, og om komitéen igjen bør vurdere å arrangere tidlegare

Sak 84/24 Løyperapportar frå komitéleiarane (SR-sak)

Saka blei utsett.

Sak 85/24 Adventskonsert søndag 08.12.24

Konserten blir på Julsundet skole/fleirbrukshus søndag 8. desember kl. 19.00.

Status var følgjande:

- Marta hadde fått stadfesta deltaking frå Fjellljom, mannskoret og korpset.
- Domprosten har sagt ho vil delta.
- Det må avklarast med Mirjam Venås om Gospelkoret kan delta.
- Ein vil spørje Jens Petter Kjøll om å spele til songane

Til å rigge og rydde kortribunar og stolar stiller Marta, Hans Kristian og Erlend frå soknerådet. Ein vil også spørje om korpset og Fjellljom kan stille med ein person kvar.

Det vil ikkje bli teke opp kollekt, men delt ut flyerar med oppmoding om å støtte misjonsprosjektet sin aksjon julegåve.

Sak 86/24 Utsifting av varmpumpa i Kyrkjelydshuset

I samsvar med innstillinga gjorde fellesrådet slikt samrøystes

Vedtak:

Aukra kyrkjelege fellesråd vedtek å tildele oppdraget med å skifte varmpumpe på Kyrkjelydshuset til Comfort Rørpartner, Aukra, i samsvar med tilbod av 30.10.24 og på dei vilkår som går fram av saka.

Tiltaket finansierast med innsparte driftsmidlar i 2024.

Sak 87/24 Høyringar frå Kyrkjerådet – eventuell uttale

Det blei gjort slikt samrøystes

Vedtak:

Aukra SFR vil vurdere å gi uttale til høyring nr. 4 om biskopens tilsyn og høyring nr. 5 om rammer for kyrkjevalet.

SFR får tilsendt dei tilhøyrande høyringsdokumenta, og får frist til 26.11.24 til å kome med innspel til AU. AU får fullmakt til å sende eventuelle høyringsuttalar til Kyrkjerådet.

Sak 88/24 Referat- og orienteringssaker

Sak 88/24-1 Referat frå AU-møte 29.10.24

Sak 88/24-2 Tilsetting av ny kyrkjeverje - arbeidsavtale

Sak 88/24-3 Søknad om tilskot frå Kyrkjebevaringsfondet

Referat- og orienteringssakene blei tekne til vitande.

Sak 89/24 Eventuelt

Sak 89/24-1 Pensjonisttreff/eldretreff

Det har kome spørsmål frå personar i kyrkjelyden om å arrangere pensjonisttreff/eldretreff slik det har vore tidlegare år.

Soknerådet tok saka på strak arm, og vedtok følgjande:

- Soknerådet arrangerer eldretreff onsdag 4. desember kl. 11.00 på Kyrkjelydshuset. Dette blir i staden for vanleg onsdagskafé.
- Soknepresten deltek.
- Ein vil også spørje Barnegospel om å synge.
- Kari tek ansvar for det praktiske.
- Arrangementet må inn på soknerådet sitt årshjul.

Sak 89/24-2 Brannkurs for tilsette og frivillige

Det har lenge vore planlagt å gjennomføre eit brannkurs for tilsette og frivillige for å gjennomgå brannrutinane i kyrkja og gjere seg kjent med brannvernutstyret.

Administrasjonen blir beden om å gjennomføre eit slikt kurs snarast råd, om mogeleg før «julerushet» med adventskonsertar og julearrangement der det er venta mykje folk.

Kurset må også inn på soknerådet sitt årshjul.

Sak 89/24-3 Brannalarm i kyrkja 25.10.24

Soknet hadde fått rekning frå brannvesenet på ei utrykking til kyrkja natt til 25.10.24. Det viste seg å vere ein brannmeldar på galleriet som var utløyst, men det var ingen brann.

Kyrkjetenaren skal normalt bli varsla automatisk på mobiltelefon når brannalarmen blir løyst ut, men fekk denne gongen inga melding. Hendinga var også ukjent for administrasjonen før rekninga kom.

Ein vil kontakte brannvesenet for å få klarheit i kva som har hendt. Hendinga må også registrerast i brannpermen som eit avvik.


Aukra 14.11.2024

Erlend Melby (s)

Leiar

Kari Fanghol og Max Ingar Mørk

(sekr.)



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 12. desember 2024
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 91/24 Gudstenesteplan for 2025

Kristian legg fram forslag til gudstenesteplan for 2025.

Planen sendast vidare til Gudstenesteutvalet for oppsetting av offerliste.

AU har i møte 28.11.24 vedteke at første gudstenesta på nyåret blir 1. januar 2025 kl. 14.00 med offer til Misjonsprosjektet.

Forslag til vedtak:

Aukra sokneråd vedtek gudstenesteplan for 2025 som framlagt av soknepresten.

Soknepresten og kyrkjeverja kan i samråd gjere mindre endringar i planen dersom tilhøva tilseier det.



DEN NORSKE KYRKJA

Aukra sokne- og fellestråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 12. desember 2024
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 92/24 Møteplan for SFR 2025

AU har i møte 28.11.24 bede kyrkjeverja sette opp ein møteplan for 2025 med møte om lag kvar 4. veke som no. Møta haldast normalt på torsdagar kl. 18.05 på kyrkjelydshuset. Møta i AU haldast normalt 2 veker før møta i SFR.

Forslaget nedanfor er sett opp slik at ein også mest mogeleg unngår kollisjon med kommunestyremøta.

Forslag til møteplan:

Førebuaende møte i AU	Møte i SFR
To 09.01.25	To 23.01.25
To 06.02.25	To 20.02.25
To. 27.02.24	To. 13.03.25
To 27.03.25	To 10.04.25
On 30.04.25	To 15.05.25
On 28.05.25	To 12.06.25
To 07.08.25	To 21.08.25
To 04.09.25	To 18.09.25
To 25.09.25	To 09.10.25
To 23.10.25	To 06.11.25
To 20.11.25	To 04.12.25

Forslag til vedtak:

Aukra SFR vedtek møteplan for 2025 i samsvar med forslaget i saka.

Leiar og kyrkjeverje kan i samråd gjere endringar i planen dersom tilhøva tilseier det.



DEN NORSKE KYRKJA

Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 12. desember 2024
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 93/24 Årshjul for SFR 2025

Forslag til årshjul for SFR 2025:


2025	Hendingar som kan involvere soknerådet	Aktuelle saker til møte i SFR
Januar		Budsjett for 2025 Førebu feitetysdag
Februar		Rekneskap for 2024
Mars	04.03 Feitetysdag Brannøving og førstehjelpskurs for tilsette og frivillige	Årsmelding for 2024 Førebu jubileumsveka
April	Sø 13.04 – Må 21.04: Stille veke/påske Jubileumsveke april/mai Ferielliste for sommaren	Årsmøte 2025 Førebu jubileumsveka
Mai	25.05 (?): 50-årskonfirmantar	Førebu 50-årskonf.samling Førebu Aukradagen
Juni	Aukradagen	
Juli		
August		Evaluering av arbeidsåret 2024/25
September		Førebu hausttakkefest Forslag til budsjett 2026
Oktober	Hausttakkefest	Møte med tilsette

November	02.11: Minnegudsteneste 04.11 (?): Allehelgenskonsert	Førebu førjulssamkome, eldretreff og adventskonsert(ar) Gudstenesteplan 2026
Desember	28.11 (?): Førjulssamkome Sø 07.12 (?): Adventskonsert(ar) Andre julekonsertar 03. eller 10.12: Eldretreff 24.12: Julegudstenester	Offerliste 2026 Val av leiar og nestleiar for 2026 Endeleg budsjett 2026

Forslag til vedtak:

Aukra SFR vedtek årshjul for 2025 i samsvar med forslaget i saka.

Årshjulet oppdaterast gjennom året etter behov.



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellestråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 12. desember 2024
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 94/24 Søknad om permisjon frå SFR

Therese Hildre Solem har i e-post av 27.11.24 søkt om permisjon frå vervet i Aukra sokneråd i 2024-2025.

Kyrkjeordninga § 10 seier at:

Menighetsrådet kan etter søknad frita, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessige vanskeligheter eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet.


Leiar har vore i samtale med søkaren og finn at det er sakleg grunnlag for å innvilge søknaden. AU har i møte 28.11.24 slutta seg til dette og legg fram saka for SFR med positiv innstilling.

I permisjonsperioden går 2. vara Edvin Magne Nybø inn som fast medlem i SFR.

Forslag til vedtak:

Med heimel i Kyrkjeordninga § 10 blir søknaden frå Therese Hildre Solem om permisjon frå vervet i Aukra sokne- og fellestråd i 2024-2025 innvilga.

I permisjonsperioden går 2. varamedlem Edvin Magne Nybø inn som fast medlem i SFR.



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 12. desember 2024
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset


Sak 95/24 Vidare arbeid med kantorsaka - drøfting

Kyrkjelyden har vore utan fast kantor i eit heilt år, og det er tid for å drøfte korleis ein skal kome vidare med saka. AU ønskjer at SFR tek ein grunnleggande debatt om dette der ein spør: *Kva er det Aukra kyrkjelyd vil? Og korleis får vi det til?*

Aktuelle problemstillingar kan vere:

- Vi har avgrensa midlar og ressursar. Korleis ønskjer vi å bruke dei?
- Skal vi halde fram som no, eller har vi ambisjonar om å utvikle noko spesielt? Skal vi satse på éin ting, eller fordele jamt utover?
- Ønskjer vi ein kantor som kan løfte kyrkjemusikken med kor og konsertar? Eller ein meir allsidig muskar? Eller eit band?
- Kor stort er potensialet for å utvikle det kyrkjemusikalske arbeidet i Aukra? Vil ein utdanna kantor finne utfordringane interessante nok? Og får han/ho nok å gjere? Og nok ressursar?

Saka leggest fram som ei ope drøftingssak utan innstilling.



SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 12. desember 2024
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 96/24 Referat- og orienteringssaker

Sak 96/24-1 Referat frå AU-møte 28.11.24

Referatet er vedlagt.

Sak 96/24-2 Høyringsuttale – Biskopens tilsyn

SFR vedtok i møte 14.11.24 å vurdere å gi høyringsuttale til to av dei fem høyringane frå Kyrkjerådet denne hausten:

- Høyring – Biskopens tilsyn
- Høyring – Rammer for kyrkjeval

SFR fekk tilsendt dei tilhøyrande høyringsdokumenta med frist til 26.11.24 til å kome med innspel til AU. AU fekk fullmakt til å sende eventuelle høyringsuttalar til Kyrkjerådet.

Det kom inn ein uttale frå SFR, ang. rammer for kyrkjeval.

AU har i møte 28.11.24 gjennomgått høyringsspørsmåla til dei to høyringane. Høyringssvara framgår av eigne vedlegg til innkallinga.

Sak 96/24-3 Høyringsuttale – Rammer for kyrkjeval

Kommentar er gitt ovanfor i sak 96/24-2.

Sak 96/24-4 Oppdatering om jubileumsfeiringa 2025

Per Arne eller Erlend orienterer.



DEN NORSKE KYRKJA

Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976 997 654

MØTEREFERAT

Utval: AU i Aukra SFR

Møtedato: 28.november 2024

Møtetid: 15.05 – 18.00

Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Desse møtte: Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem og Kristian Finn Risung (på telefon)

Sekretær: Max Ingar Mørk

Elles møtte: Kari Margrete Fanghol

Møtet blei leia av Erlend Melby

Desse sakene blei behandla:

AU-sak 101/24 Drøfting av reglar for filmarane i forkant av eit møte med filmgruppa

Det er mange omsyn å ta ved filming av gudstenester. Det kan vere einskildpersonar eller dåpsfølgje som ikkje ønskjer å bli filma. Ikkje alle vil bli filma under nattverden. Det må vere stader i kyrkja der folk kan sitte utan å bli filma. Og filmarane må vere kjende med og respektere dette. Vidare er det reglar for betaling til Kopinor og Tono for opphavsrettar ved streaming.

AU bed administrasjonen sjekke med Molde kirkelige fellesråd og KA om det finst regelverk for dette. [KA har t.d. ei nettside om dette: <https://www.ka.no/kopiering/overforing-stromming>]

AU-sak 102/24 Mogeleg brannøving i kyrkja tysdag 3. desember kl. 18.00 – 19.00

AU ønskjer å gjennomføre ei enkel brannøving med gjennomgang av instruksar for ulike tenestegrupper og ei runde i kyrkja for å gjere seg kjent med brannvernustyret. Stab og frivillige som har oppgåver under gudstenester og kyrkjelege handlingar blir innkalla.

AU-sak 102/24 Gudstenesteplan 2025

Kristian lagar eit forslag som leggst fram på neste møte i soknerådet. Forslaget sendast til Gudstenesteutvalet for oppsetting av offerliste.

Første gudstenesta på nyåret blir 1. januar 2025 kl. 14.00 med offer til Misjonsprosjektet.

AU-sak 103/24 Møteplan for SFR 2025

AU ønskjer ein møteplan med møte om lag kvar 4. veke som no.

Husflidslaget legg opp sine møte etter SFR sin møteplan, og for dei er det viktig med kvar 4. veke. Ein bør mest mogeleg unngå kollisjon med kommunestyremøta.

Eit par gonger i året bør soknerådet evaluere arbeidet for å sjekke om ein er på rett kurs.

Endeleg forslag til møteplan leggst fram for SFR på neste møte.

AU-sak 104/24 Ajourføre årshjulet

AU gjennomgjekk framlagt forslag til årshjul og gjorde ymse suppleringar og justeringar. Det justerte forslaget leggst fram for SFR på neste møte.

AU-sak 105/24 Jubileumsfeiringa 2025 – oppfølging

Leiar informerte om at plankomiteen skal ha møte med kommunedirektøren neste veke.

Dei ulike arbeidslaga i kyrkjelyden bør informerast om arbeidet slik at dei kan vere førebudde på jubileet. Det gjeld særleg Barnegospel, Ving, Babysong, GGV og Onsdagskafeen.

SFR bør få ei oppdatering på kvart møte framover.

AU-sak 106/24 Eventuelle høyringsuttalar til Kyrkjerådet

AU gjekk igjennom spørsmåla i dei to høyringane som fellesrådet hadde bede dei å svare på. Høyringssvara leggst fram som referatsak på neste møte i SFR.

AU-sak 107/24 Søknad om permisjon frå SFR

Therese Hildre Solem har i e-post av 27.11.24 søkt om permisjon frå vervet i Aukra sokneråd i 2024-2025.

Kyrkjeordninga § 10 seier at:

Menighetsrådet kan etter søknad fritta, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikkje utan uforholdsmessige vanskeligheter eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet.

Leiar har hatt samtale med søkaren og går inn for å innvilge søknaden. AU sluttar seg til dette og legg fram saka for SFR til endeleg vedtak.

AU-sak 107/24 Vidare arbeid med kantorsaka

Kyrkjelyden har vore utan fast kantor eit heilt år, og må drøfte korleis ein skal kome vidare med saka. AU legg opp til ein grunnleggande debatt om dette på neste møte, der ein spør: *Kva er det Aukra kyrkjelyd vil? Og korleis får vi det til.*


Aktuelle problemstillingar kan vere:

- Vi har avgrensa midlar og ressursar. Korleis vil vi bruke dei?
- Skal vi halde fram som no, eller har vi ambisjonar om å utvikle noko spesielt? Skal vi satse på éin ting, eller fordele jamt utover?
- Ønskjer vi ein kantor som kan løfte kyrkjemusikken med kor og konsertar? Eller ein meir allsidig musikal? Eller eit band?
- Kor stort er potensialet for å utvikle kyrkjemusikken i Aukra? Vil ein utdanna kantor finne utfordringane interessante nok? Og får han/ho nok å gjere? Og nok ressursar?

Aukra 28.11.2024

Erlend Melby
Leiar (s)

Max Ingar Mørk
Skr.



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 12. desember 2024
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 97/24 Eventuelt